


MØ I VALDRES

- Ein må ha kjenslene med seg, om ein skal kunne gje dei menneska ein har i livet sitt det dei treng



Jacob Håvelsrud Svarre Foto: Arne Martin Bøe

Av [Arne Martin Bøe](#)

10. januar 2020, kl. 06:03

Jacob Håvelsrud Svarre, Volbu, fødd 1976

ANNONSE

DEL MØ I VALDRES


Sidan eg var den einaste som var kristen i klassen, vart eg ein del mobba på barne- og ungdomsskulen. Det var til tider vanskeleg, men eg klarte å stå i det, og fekk ei sterk ryggrad og bein i nasen. Eg vaks opp i Midtjylland, men var ofte med foreldra mine på fjellturar i Norge i oppveksten, og vart tidleg glad i friluftsliv. Eg byrja å jobbe med elektronikk, men friluftslivet lokka, og i 1999 flytte eg til Alta. Her jobba eg mellom anna på ein folkehøgskule, og dreiv med hundekøring, jakt og fiske. Nokre år seinare hjelpte eg til under Finnmarksløpet. Utpå natta jobba eg med ei valdresjente på stasjonen, og medan vi sat under den opne stjernehimelen på vidda og prata, fekk vi veldig god kontakt, og no er vi gift og har to born saman!

Etter at dei to borna våre hadde kome til verda, fekk eg kreft. Det var tungt å tenkje på at dei to små kunne bli farlause, men behandlinga gjekk heldigvis bra, og eg vart frisk. Vi flytte frå Nord-Norge til Valdres for å kome nærare familien, og eg hadde fått med meg ein viktig lærdom i bagasjen: Eg hadde erfart kor sårbart livet er, og fekk eit sterkare fokus på å leve her og no.

Og denne erfaringa har vore bra å ha i jobben på Kampenes Begravelsesbyrå, som har vore arbeidsplassen min sidan 2012. For når ein kjem så tett på døden, får ein berre bekrefta at det ikkje finst nokon garanti for at ein skal unngå ulykker, halde seg frisk og bli gamal.

Bestefaren min var gravferdskonsulent, og eg hadde stor respekt for han som person. Han hadde djup respekt for sine medmenneske, han såg menneska rundt seg, og hadde bestandig tid til folk. Dette beundra eg han for då eg var berre eit barn, og dette er verdiar eg sjølv prøver å leve etter i mitt eige liv i dag, både privat og på jobb. For ein må ha kjenslene med seg, skal ein kunne gje dei menneska ein har i livet sitt det dei treng.

Lik Avisa Valdres på Facebook



7,5 k personer liker dette. Registrer deg for å se hva vennene dine liker.

Les mer om: [Mø i Valdres](#) [mobbing](#) [friluftsliv](#) [kreft](#)

Se kommentarer

Flere saker



Skal kåre fylkets beste meitefisker - i Valdres



Skal sikre befolkningens muligheter for å drive et variert friluftsliv: Kommunen kartlegger og verdsetter friluftsområder



Marie og Erle bruker sommeren på å gå Norge på langs



Flyttet fra Hadeland til Haugseter for å drive fjellstue



Her er appene for deg som skal på tur i sommer

Kommentarer til denne saken

Til toppen